

Tabell A-fk

Utgiftsutjamninga o.a. for fylkeskommunane 2023

Tabellen viser utgiftsutjamninga for fylkeskommunane. Utjamninga er ei omfordeling mellom fylkeskommunar som følgje av skilnader i berekna utgiftsbehov (bereksna i kolonnane 1–5) og omfordeling som følgje av korreksjonsordninga for statlege og private skular (bereksna i kolonnane 6–8). Summen av utgiftsutjamninga er nytta vidare i tabell 2-fk, kolonne 2.

Utgiftsutjamninga er bereksna på grunnlag av innbyggjartalet per 1. juli 2022.

Kolonne 1 – Indeks for bereksna utgiftsbehov

Utrekninga av indeksen for bereksna utgiftsbehov er dokumentert i tabell D-fk. Ein indeks på 1 betyr at fylkeskommunen har eit bereksna utgiftsbehov likt med landsgjennomsnittet. Ein indeks på 1,1 eller 0,9 betyr at fylkeskommunen har eit bereksna utgiftsbehov som er høvesvis 10 prosent høgare og 10 prosent lågare enn landsgjennomsnittet. Kolonnen er òg vist i tabell D-fk, kolonne 17.

Kolonne 2 – Gjennomsnittleg bereksna utgiftsbehov per innbyggjar

Utgiftsbehovet for 2023 er på landsbasis bereksna til om lag 72,579 mrd. kroner. Dette utgjer 13 303 kroner per innbyggjar.

Kolonne 3 – Bereksna utgiftsbehov i kroner per innbyggjar

I kolonne 3 er gjennomsnittleg bereksna utgiftsbehov på landsbasis (kolonne 2) multiplisert med indeks for bereksna utgiftsbehov (kolonne 1) for kvar fylkeskommune og vist i kroner per innbyggjar.

Kolonne 4 – Omfordeling per innbyggjar i fylkeskommunen

Omfordeling per innbyggjar blir vist i kolonne 4 og kjem fram som differansen mellom kolonne 3 og kolonne 2.

Kolonne 5 – Samla omfordeling for fylkeskommunen (1 000 kr)

Omfordeling utanom korreksjonsordninga blir vist i kolonne 5 og er rekna ut ved at omfordeling i kroner per innbyggjar (kolonne 4) blir multiplisert med innbyggjartalet i fylkeskommunen per 1. juli 2022 (tabell E-fk, kolonne 2).

Kolonne 6 – Trekk for elevar i statlege og private skular

Fylkeskommunane får eit trekk i rammetilskotet for elevar som går i statlege og private skular. Sjå innleiringsteksten i Grønt hefte for ein nærare gjennomgang av denne ordninga. Elevtala som ligg til grunn er gjennomsnittet av elevtala ved statlege og private skular per 1. oktober 2021 og 1. april 2022 (tal frå Kunnskapsdepartementet). Elevtala ligg i tabell E-fk i kolonne 19–22.

Tabellen under viser trekksatsane som blir nytta i korreksjonsordninga i 2023.

Treksatsane per elev for 2023:	
Vanleg undervisning	127 300
Gartner- og landbrukskular	156 000
Spesialskular	341 300
Opphald/innlosjering ved skulen	360 600

Kolonne 7 – Tilbakeføring av samla trekk

Samla trekk for alle fylkeskommunane (landssum, kolonne 6) blir ført tilbake til den einskilde fylkeskommunen etter fylkeskommunen sin del av utgiftsbehovet/kostnadsnøkkelen.

Kolonne 8 – Nettoverknad av korreksjonsordninga for statlege og private skular

Kolonne 8 viser nettoverknaden av korreksjonsordninga, dvs. summen av kolonnane 6 og 7.

Kolonne 9 – Sum utgiftsutjamning

Utgiftsutjamninga, inkl. omfordelinga for elevar i statlege og private skular, kjem fram som summen av kolonne 5 og kolonne 8. Talet blir nytta vidare i tabell 2-fk, kolonne 2, som tillegg/trekk i innbyggjartilskotet.